



## Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2983 - 16/16587

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

16.06.2016

## Møtebok for SU / SMU Ostereidet ungdomsskule etter møte tysdag 14.06.16 kl. 1800 – 2000

### Desse møtte:

**FAU:** Eli A. Aakre, Malin Møvik

**Andre tilsette:** Solfrid M. Hindenes

**Lindås Kommune:** Nina Øvreås

**Rektor:** Arne Riisnes

### Forfall/ ikkje møtt:

**Elevar:** Hanna F. Gundhus, Marius H. Hindenes, Ola Hindenes

**Lærarar:** Øystein Ånensen, Lisbeth Solen

### Sak 8 / 2015 – 16: Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjende. SU ser at det har vore få møte.

### Sak 9 / 2015 – 16: PLIVO – skulen sin beredskapsplan

Rektor orienterte om prosessen med å lage skulen sin beredskapsplan for Pågåande livstrugande vold. Den har utgangspunkt i Bergen kommune si handtering av plivo. Planen har vore til gjennomsyn hos politiet v/ Hordvik som er gjennomgått av skulen sin FAU-leiar som i jobbsamanheng syslar med slike problemstillingar.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



I diskusjonen i SU vart det sett ly på korleis skulen praktisk kan varsle i farlege situasjonar. Kan skulen få installert eit system noko nær ei brannvarsling? Dette må undersøkjast.

SU meiner også at planen bør strammast opp slik at same tematikk vert handsama ein gong. Aksjonskort tilsvarande. I tillegg bør planen ha eit enkelt og kortfatta samandrag som ein handlingsdel: Kva skal gjerast.

**Vedtak: Rektor bearbeider planen og legg den fram på første møte til hausten med oversikt over merknader frå politiet**

#### **Sak 10 / 2015 - 16: Kvalitetsplan for skule - ei høyring**

SU drøfta saka og meiner planen gir eit godt uttrykk for vilje og veg for oppvekstområdet dei nærmaste åra.

SU understrekar behovet for tidleg innsats og er nøgd med at planen legg vekt på dette aspektet.

SU saknar at planen tek opp alternative opplæringsarenaer som er knytt til oppvekstområdet som t.d. Seim gard.

Su er nøgd med at helsesøstertenesta vert tillagd så sterk vekt. SU ser at det er behov for å satse på denne delen av det førebyggjande arbeidet. Det kan sjå ut til at ein del barn og unge sin psykiske helse ikkje er like robust som før.

Endringar i familiar kan også påverke oppvekstvilkår som kan føre til at ein skilde elevar med meir sårbare.

**Vedtak: Su pålegg rektor å sende høyringsvar.**

#### **Sak 11 / 2015 - 16: § 9a Elevane sitt psykososiale miljø**

Rektor orienterte kort om saka og SU utveksla synspunkt på tema. Rektor viste til skulen sine undersøkingar på dette området og konkluderte med at stort sett er det lite mobbing. Det som er og ein vert merksam på/ gjort merksam på, vert handtert effektivt og kraftfullt etter mobbeplanen. Særleg informativ er skulen sin eigen mobbeundersøking som vert gjennomført kvar april.

Skulen har gjennomført foreldremøte om denne tematikken i 8.kl. Dette vert følgd opp også til hausten.

Skulen har eit einskildvedtak etter §9a.

**Vedtak: SU tek rektor sin informasjon til etterretning.**

#### **Sak 12/ 2015 - 16: Evaluering av SU /SMU sitt virke dette året**

SU drøfta arbeidet som har vore gjort siste året. Vedlagd er oppsummert oversikt over innspela.

**Sak 13 / 2015 - 16: Utearealet og planar**

Rektor og leiar for utearealsgruppa, Solfrid Hindenes, orienterte om dei to store planane som er spelte inn til Idrettsrådet og som begge er med i budsjettprosessen: Rehabilitering av idrettsbana (grusen) og fleirbrukshall. Det ligg føre planar, finansieringa er usikker, men det er håp om at det kan late seg realisere litt etter kvart.

Hanna F. Gundhus, leiar SU

Arne Riisnes, rektor

**Mottakarar:**  
Medlemer og varamedlemer